

## Optimisme om ny skule



Sven Sæther (tv) og Ragnar Bakken har tru på prosjektet.

**Som mange veit, sende ImF inn ein søknad om å få starte opp ein ny folkehøgskule i 2012.**

Det var på bakgrunn av eit internt rektormøte der skulane si diakonale oppgåve var tema, og det gav seg utslag i eit ønske om å ha eit tilbod til 16-17-åringar som treng motivasjon, modning og sjølvvinningsikt for å treffe gode val for vidare utdanning og yrke. Vi har derfor hatt eit mål om å starte ein ny, kristen folkehøgskule for denne aldersgruppa, og vi fekk tidleg eit nært og godt samarbeid med Ørskog kommune med tanke på å nytte eigedomen til tidlegare Ørskog VGS på Sjøholt.

Vi har hatt tverrpolitisk støtte i Ørskog, på Mørebenken i Stortinget, i tillegg til fylkesordførar Jon Aasen. Trass i positive møte med både raudgrøne og blåblå statssekretærar, har det likevel vore dalande optimisme om vår søknad skulle bli innvilga. Vi var nær ved å gi opp, men etter eit møte med KrF-politikarane Hans Fredrik Grøvan

og Steinar Reiten i vinter, bestemte vi oss for å fornye søknaden ein siste gong. Hausten skulle likevel gi oss ein ny nedtur: Folkehøgskulerådet har i fleire år hatt vår søknad som førsteprioritet med tanke på godkjenning av nye skular, men så var det KFUM/KFUK sin søknad om ny folkehøgskule på Svalbard som rykka forbi oss i køa ved at dei fekk oppstartsmidlar i regjeringa sitt statsbudsjett i september. Dermed rekna vi slaget som tapt, men to minutt før midnatt den kvelden budsjettforliket med KrF var i hamn (21.11.18), tikka det inn ein epost frå Grøvan om at Ørskog folkehøgskule hadde fått 0,75mill til oppstartsmidlar. Ei dør var opna for oss på ein fantastisk overraskande og gledeleg måte!

Etter dette har vi arbeidd så fort vi kunne. Tre dagar etter meldinga kom, gjorde ImF-styret vedtak om oppretting av interimstyre. Forutan undertekna, har dette styret bestått av folkehøgskulelektorane Sven Sæther (Ålesund), Helge

Kjøll (Molde) og Bjarte Grøteide (Høgtun), i tillegg til Ragnar Bakken frå Sjøholt og Lars Johan Stokken frå Skodje. Vi involverte snart ingeniør- og arkitektfirmaet Moldskred AS for å vurdere eigedomen og hovudbygninga på Sjøholt, og vi har fått gode råd frå Informasjonskontoret for Kristne Folkehøgskolar med tanke på økonomi.

Hovudbygninga er frå 1937, med eit tilbygg frå 1987. Ei totalrenovering har vist seg heilt urealistisk ut frå den økonomiske berevne ein skule kan ha, i tillegg til at hovudbygninga ikkje ville romme hyblar for alle dei 100 elevane vi tek høgde for. Vi har landa på å bygge eksterne hybelhus med plass til 16 elevar kvar. Husa vil ha 9 soverom, tre bad, to bodar og ei felles stove. Erfaring frå ein annan skule er at dette vil gi stor trivsel for elevane, og gode butilhøve er svært viktig. Deretter må vi gjere naudsynt ombygging av hovudbygget ut frå ei prioritert liste: Ventilasjon, miljøvennleg og energiøkonomisk løysing for oppvarming, skifte

eit tak, lage funksjonelt kjøkken og matsal, lage innbydande løysing for hovudinnong, og naudsynt tilrettelegging av rom for undervisning og administrasjon. Kor mykje vi får gjort, er det lånerammene som styrer.

ImF sende 1.mars brev til Ørskog kommune om at vi vil starte opp skulen hausten 2020 på denne eigedomen, under føresetnad om symbolsk sum for overtaking og tilstrekkeleg tomteareal. Dei vil treffe eit vedtak i midten av mars.

Vi har bedt om Guds leing undervegs, og opplever at naudsynte dører har opna seg for oss. Sjølv om det er ImF, og ikkje ImF Sunnmøre, som står bak søknaden, har vi god dialog med krinsen, og er avhengig av misjonsfolket si forbøn for å kunne kome i mål med å realisere ein nytt reiskap for å nå unge på Sunnmøre og resten av fylket med Evangeliet. Se også Sambåndet side 2.

//// Tekst & foto: Erik Furnes  
generalsekretær ImF

# Stafettveksling

**Det er ofte like utfordrende å få til gode stafettvekslinger, om det gjelder en idrettsgren, næringsliv, politikk eller kristent arbeid. Det er en øvelse der en ofte kjenner på at både resultat og prosess kunne vært så mye bedre.**

I denne leder ønsker jeg å ha fokus på å få til en best mulig veksling i vårt kristne arbeid. Det være seg lederskap på bedehus, i forsamlingen og i våre kristne organisasjoner.

Det er dessverre ikke sjelden at vi leser om lederkrise knyttet til kristent arbeid.

De fleste bedehus, foreninger og organisasjoner har vedtatte lover som regulerer hvor mange, og hvor lenge personer kan sitte i styret, ha posisjoner.

Dette for å kunne gjøre sunne og gode skifter etter et visst antall år.

Det er nok og et sunnhetstegn at ikke noen må oppleve å bli "syvende far i huset", i mangel av at noen kunne og ville ta stafettpinnen den neste etappen.

Det relevante spørsmål, som bør ha fokus i vårt arbeid er: "Hvordan kan vi utruste og fremelske nye ledere på alle nivå knytta til vårt arbeid?"

De siste dagene har jeg hatt gleden av å reise i Jordan og Israel med en flott gruppe nordmenn knytta til Plussreiser. Da vandret vi i Josva sine fotspor på deler av turen. For

meg ble det både en lærdom og en inspirasjon å se den stafettveksling som skjedde mellom Moses og Josva

Og jeg våger å oppfordre oss alle til å ta lærdom av "Moses modellen"

En av de mest markante lederne vi kjenner fra vår bibel var Moses. I førti år ledet han et hardnakket og vanskelig folk ut fra slaveri, gjennom Rødehavet og på reisen og oppholdet i ørken. Når de endelig skulle krysse elven Jordan, fra ørkenliv og inn i løftes landet, skulle ikke Moses være med.

Det med førte ingen lederkrise eller kluss i vekslingen. Der var en som var utrustet til å ta over!

Alt fra ungdommen hadde Moses valgt Josva som sin tjener og medhjelper. Han fikk gå skritt med

Moses både i krig og inn i Guds nærhet. Han fikk oppgaver som rustet han for det og en dag bli ny leder.

Han gikk skritt sammen med, for i neste omgang kunne ta skritt videre alene.

Og sist men ikke minst, 5 Mosebok 3,28 "Og gi Josva befaling og gjør han frimodig og sterk"

Vi trenger øyne som ser en Josva i våre forsamlinger, som investerer av vår tid, gir de kunnskap, posisjon og erfaring, slik at de er utrustet og klar til å ta over ved neste veksling.



**Johan Halsne**  
Kransleiar i ImF Sunnmøre

## ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

**Kransleiar ImF Sunnmøre**  
Johan Halsne  
**Heimemisjonen**  
Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmøre@imf.no  
Internett: www.imfsunnmøre.no  
**ImF-UNG Sunnmøre**  
imfung-sunnmøre.no

**Brusdalsheimen**  
Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonscenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggy barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Ålesund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

**Møre Ungdomsskule**  
Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne – og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne – og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

**Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Plussreiser AS**  
post@plussreiser.no  
Telefon: 70 17 90 00  
www.plussreiser.no  
**Radio Sunnmøre**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosunnmøre.no



# WinterGames på Orreneset



Helgene 8.-10. februar og mars har Imf-UNG Sunnmøre arrangert WinterGames for 4.-7. klasse og 6.-9. klasse på Orreneset misjons-senter.

Under leirene var det et opplegg som bestod av kveldssamlinger med fokus på bibelen, bibeltime, vinteraktiviteter, frilek og mye mer.

Lørdagen reiste hele gjengen bort til fjellsetra skisenter der de hadde valget mellom å stå på ski eller snøbrett i trekket, eller å gå på langrenn.

Søndagen ble det arrangert et som kalles WinterGames med ulike lagkonkurranser ute. Det var alt fra aking, vinterquizz og tårnbygging av snø til snøballkasting på blink. Det var stort konkurranseinstinkt blant deltakerne og det virket som de koste seg og hadde det veldig gøy.

Under begge disse helgene var det til sammen 20 ledere i aksjon og over 100 deltakere var fordelt på de to leirene. Det har vært noen flotte helger der været har vært helt fantastisk og der barn har fått høre mer om Jesus og fått bli bedre kjent med han.

På disse leirene har det vært deltakere fra mange forskjellige plasser som har kunnet komme sammen og har fått muligheten til å bli kjent med andre. Noen barn har ikke så mange andre kristne i nærområdet der de bor så dette gir dem en mulighet til å treffe andre kristne barn.

//// Tekst & foto: Mathias Lundgren Mulelid



## ImF-UNG Sunnmøre sine SOMMARLEIRAR 2019



21.-24. juni  
JENTELEIR på Brusdalsheimen  
Du som akkurat er ferdig med  
4.klasse til 7.klasse

16.-18. november  
GUTTELEIR på Brusdalsheimen  
Du som er ferdig med 5.kl-8.kl.



Info og påmelding:  
[imfung-sunnmore.no](http://imfung-sunnmore.no)  
Spørsmål? Ring 990 17 098

## BLINDHEIM BEDEHUS 30. April kl 21:00 Natt til 1.Mai-gospel



Gratis, rusfritt  
Ungdomsarrangement

Appell v/ Bjørn Inge F. Aurdal  
Sang av Respons med flere

Kiosk i kjelleren etterpå



# Pensjonistmiddag på Emblem bedehus



F.v. Katrine Bjørdal Løvold, kokk Stein Sjøstad og Hanne Bentsen

**Diakonikomiteen i Emblem bedehusforsamling inviterte i februar pensjonistene i bygda til gratis middag på bedehuset. Nesten 40 personer takket ja til invitasjonen.**

Det var Hanne Bentsen og Katrine Bjørdal Løvoll som sto i spissen for arrangementet denne ettermiddagen. De bidro både med program og som serveringshjelp sammen med tre frivillige skolelever som hadde meldt seg selv for å hjelpe til.

På kjøkkenet var det Stein Sjøstad som var kjøkkensjef. Han serverte skikkelig hjemmelaget mat, store og saftige kjøttkaker med godt tilbehør og påfølgende hjemmelaget karamellpudding.

Maten smakte godt, og flere av de eldre ga uttrykk for stor taknemlighet både for maten og for å få være med på dette arrangementet. Middagen er ellers en del av «diakonifokuset» som Emblem bedehusforsamling har dette året.

//// Tekst og foto: Arild Ove Halås

## Sommartreff Imf Sunnmøre

### 15.-16. juni Thon Hotel Fosnavåg

# TEMA: VÅG!



ROLF KJØDE



MARIA GUSTIN BERGSTRØM



ARILD BERSTAD MED TEAM

**LAURDAG**

kl. 10.15-11.00 Registrering  
 kl. 11.00 Årsmøteforhandlingar  
 kl. 11.00 Eige opplegg for barna - påmelding  
 kl. 19.00 Festmøte - Rolf Kjøde -  
 Maria Gustin Bergstrøm -  
 Arild Berstad med team

kl. 21.00 Konsert Maria Gustin Bergstrøm m.fl.  
 Billett kr. 200,- pr. person

**SØNDAG**

kl. 11.00 Storsamling  
 Rolf Kjøde, Maria Gustin Bergstrøm,  
 Arild Berstad med team

Kl. 13.00 Middag

Pris for dobbeltrom 950,- / 1250,- enkeltrom. Lunsj søndag kr. 130,-  
 Påmelding Plusstreiser 70179000 / post@plussreiser.no







Lars Erik Nesseth er leiar i styret i Langevåg Indremisjon

## Årsmøte for Langevåg Indremisjon 2018

Laurdag 02. februar vart det halde årsmøte i Langevåg Indremisjon og dette var foreininga sitt 126. verkeår. Ordstyrar og formann Lars Erik Nesseth losa dei ca. 40 framømte effektivt gjennom sakslista og års-

### meldingane til dei ulike underavdelingane

Dei regelmessige møta som "Søndagsmøte", "Bønesamling", og "Bibel og Bøn" syner positive og stabile framømte og får gode tilbakemeldingar. Forsamlinga har også videreført og fullført eit "Alfa"-kurs der tilbakemeldinga frå dei 12 deltakarane har vore overstrøymande. Fellesarrangementet "Syng med oss" blir framleis arrangert på bedehuset.

Langevåg Indremisjon har lang tradisjon for å gi økonomisk handslag til andre organisasjonar

og har dette året gitt vidare over 30 % av alle inntekter. Den største gáva kr. 108 000,- blei gitt til fordeling innan "Imf Sunnmøre".

**Val av styre** og stell høyrer sjølvsagt med på eit årsmøte. Det nye styret i Langevåg Indremisjon er:  
 Lars Erik Nesseth, Thor Hurlen, Trude G. Molvær, Margrethe Aannø og Britt Janne Vik  
 1. vara Bjørn H. Tusvik, 2. vara Anne Grethe F. Molvær.

(innlegget er mykje forkorta, du kan lesa det i si heilheit på [www.imfsunnmøre.no](http://www.imfsunnmøre.no))

//// Tekst: Svein Åge Tusvik

//// Foto: Arild Ove Halås



**Begravelsesbyrået Sunnmøre AS starta i 1972 som Indremisjonens begravelsesbyrå, ei avdeling av AS Indremisjonsheimen i Skaregt.2, Ålesund. I 1997 vart namnet endra til SISenteret begravelsesbyrå. I 2012, etter at vi flytta til Spjelkavika, vart namnet Bregravelsesbyrået Sunnmøre AS. Det er Imf Sunnmøre som eig oss.**

I dag har vi samtalekontor i Langevåg og på Valderøya der vi kan treffast etter avtale, men hovudkontoret er i Spjelkavika, Vasstrandvegen 1, same etasje som Imf Sunnmøre. Mange ynskjer at vi skal kome heim til samtale, og det er sjølv sagt mogeleg.

Det vi ynskjer med begravelsesbyrået, er å vere til hjelp i ei vanskeleg tid. Mange kjenner seg hjelpelause i høve til alt som skal ordnast. Det er så mange tankar som svirrar rundt. Då er det godt å få legge frå seg noko på andre.

**Marit Vingen** er dagleg leiar i byrået. Alder: 60 år. Bur i Samfjorden og er gift med Ingbjørn. Byrja på kontoret til AS Indremisjonsheimen i 1977 etter økonomisk gymnas. Har vore tilsett i firmaet sidan, med eit lite avbrekk på 3 mnd på bibelskolen i Bergen. Tok over stillinga som dagleg leiar i byrået i 2011 etter Jarle Hjørungdal. «Ein meiningsfylt arbeidsplass der ein får vere til hjelp for nokon»

**Oddrun Malum Bjørdal** er gravferdskonsulent i 60% stilling. Alder: 54 år. Bur på Emblem, er gift med Kai-Even og er mor til to gutar. Byrja som gravferdskonsulent i 2011 etter å ha vore misjonær for Santalmisjonen/Normisjon i Mali i 9 år. Oddrun arbeider også som forsamlingsarbeidar i Emblem bedehusforsamling. «Meiningsfullt å samtale med menneske og vere til hjelp i ein sårbar situasjon, og å møte ynskja deira så langt som mogeleg»

**Kjell Runar Stige** er gravferdskonsulent i 100% stilling. Alder: 58 år. Bur i Hatleholen og er gift med Elisabeth og er far til to jenter og ein gut. Byrja som gravferdskonsulent i 2016 etter å ha arbeidd i bank i 34 år. «Opplever verdifulle og sterke møte med sørgande»

**Hilde Vartdal Clausen** er gravferdskonsulent i 40% stilling. Alder 25 år. Bur i Ålesund. Byrja som gravferdskonsulent i 2018, først som vikar for



**Ingvild Flesjå Grønfur** som hadde permisjon, og gjekk over i fast stilling då Ingvild sa opp i stillinga si i desember 2018. Hilde har arbeidd og arbeider på treningssenter. Ho har også vore personleg trenar. «Eit utfordrande og givande arbeid, der ein verkeleg kan bidra med noko i ei periode som kan opplevast ekstra tung.»



*Gravminne er ein del av arbeidet i begravelsesbyrået. Det firmaet vi har hatt som leverandør og samarbeidspartnar i 46 år, er Nergård steinindustri, som held til på Eide på Nordmøre. Dei lagar skisser, tilpassar og får til det meste.*

De kan gå inn på heimesida vår og sjå kva meir vi hjelper med.  
**www.bbsunnmøre.no.**

Det som også er mogeleg frå heimesida vår, er å velge MINNESIDE. Her ser de dødsannonsar og kan bestille blomster direkte. Eller ringe oss tlf. 70 17 86 60 dersom de lurar på eit eller anna i høve til gravferder.



# Påskemøter

## Imf Sunnmøre 2019

Talere: Generalsekretær Erik Furnes og Arild Ove Halås

Skjærtorsdag kl. 1900 Møte Blindheim bedehus

Arild Ove Halås - «Se der Guds lam»

Langfredag kl. 1900 Møte Blindheim bedehus

Arild Ove Halås - «Gjeldsbrevet er betalt»

1. Påskedag kl. 1100 Møte Blindheim bedehus

Arild Ove Halås - «Jesus vant - og jeg har vunnet»

2. Påskedag kl. 1200 Storsamling Ålesund Folkehøgskole

Gen.sekr. Erik Furnes taler - Nattverd



## Hjertelig velkommen!

# Stevnedag på Brusdalsheimen

Torsdag 30. mai -  
Kristi Himmelfartsdag



Kl. 1200 Høgtidsmøte  
Kai Even Bjørdal taler

Kl. 1330 Sal av middag

Kl. 1500 Ettermiddagsmøte  
Arild Ove Halås taler

Sang av Sulagutane og

Hilde&Gudrun på begge møter

## Varmt velkommen!



## SANG OG MUSIKKHELG

Thon Hotel Fosnavåg  
30. august - 1. september 2019

Emilia Lindberg Eydun Jacobsen Kerysso Brattvågtrioen  
Synnøve og Vegard Voldsund Eklana og Kvit Sektor  
Harry Andersen Familien Knotten Terje B. Vestergaard



For mer informasjon se [sim-imf.no](http://sim-imf.no)

Kontaktperson: Johan Halsne 906 42 479 [j.halsne@imf.no](mailto:j.halsne@imf.no)

Påmelding for overnatting til [plussreiser.no](http://plussreiser.no) eller 70 17 90 00

Arrangør: Imf Sunnmøre og P7 Kristen Riksradio  

# Basar på Brusdalsheimen

fredag 26. april

Kl. 1700 Matsalg  
(saltmat og søtmat) - loddsalg  
Kl. 1800 Sang av barnekoret  
VTV fra Haram  
- loddsalg  
Mat og loddsalg  
Ca. kl. 1930 Sang av Sanctus

## Hjertelig velkommen!